



LEIKANGER KOMMUNE



KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT OG FYSISIK AKTIVITET 2012 – 2024

Vedteken av Leikanger kommunestyre i møte 15.12.2011, K-sak 0096/11
Rullert i Leikanger formannskap i møte 12.12.2013, F-sak 0121/13

Innholdsliste

Den statleg politikk om spelemedelordninga	3
Hovudmåla for satsing på idrett og fysisk aktivitet	3
Kommunen sin målsetjing med planen	4
Søknadskategoriar for tildeling av spelemidlar	6
Tilhøvet til andre kommunale planar	7
Utviklingstrekk i kommunen	8
Status for idrett og fysisk aktivitet	9
Behov for idrett og fysisk aktivitet	12
Resultatvurdering	14
Kortsiktig handlingsprogram	15
Langsiktig handlingsprogram	18
Vedlegg	
Innsende søknader 2015	
Kart	
Fysisk aktivitet – generelle og lokale trekk	

DEN STATLEGE POLITIKKEN OM SPELEMIDELORDNINGA FOR ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Målet til staten er å bidra til utbygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet slik at flest moglege kan drive med idrett og fysisk aktivitet.

Men det er ikkje det offentlege sitt ansvar å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og ferdigheiter. Det er derfor naudsynt at det lokalt vert gjort av behov for anlegg.

Staten i sin politikk i tildeling av spelemidlar prioriterer målgruppene born (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Staten franhever dette i sine planar, rundskriv m.m. at dette er dei vitigaste målgruppene.

Staten sine spelemidlar skal gjere det moglege å opprette ein infrastruktur for idrett og fysisk aktivitet som skal bidra til at innbyggjarane i kommunen kan drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet som vert organisert gjennom medlemsbasert idrett.

Staten prioriterer særskilt anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller borna sine behov for fysisk aktivitet i organiserte og i eigenorganiserte former. For ungdom er det mål å utvikla anlegg som tilfredsstiller ungdom sine behov for utfordringar og variasjon. Ungdomen i kommunen skal få å medverke til utforming og val av anlegg.

I denne samanhengen skal nemnast at anlegg knytt til skular sine uteområde går også inn under tilskot til såkalla nærmiljøanlegg, jf eigen informasjon om dette.

Tilskot frå statlege spelemidlar kan verre verte gjeve til anlegg som er oppført i den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet. Unntak er enkle nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr. 80 000, jf, eigen informasjon om dette. Kulturdepartementet utarbeidar kvart år nye forskrifter og bestemningar om tilskot frå statlege spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Alle forskrifter, bestemningar, søknadsskjema m.m. ligg på departementet si internettside:

<http://www.idrettsanlegg.no>

HOVUDMÅLA FOR SATSING PÅ IDRETT OG FYSISK AKTIVITET I KOMMUNEN

Leikanger kommune har dette hovudmålet for idrett og fysisk aktivitet, her medrekna friluftsliv:

- *Idrett og fysisk aktivitet for alle.*

Hovudmålet kan presiserast slik:

- *Idrett skal vere for alle, og alle skal kunne få utøve idrett.*

- *Fysisk aktivitet skal vere helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen, og alle skal kunne utøve slik aktivitet. Friluftstilboda skal vere attraktive og allsidige og skal kunne nyttast av alle.*
- *Idrett og fysisk aktivitet er viktige faktorar for utvikling og vedlikehald av fysisk, psykisk og sosial helse. Det er såleis felles målsetting for arbeidet innan idrett og fysisk aktivitet at dette skal bidra til utvikling og vedlikehald av god fysisk, psykisk og sosial helse for alle innbyggjarane. Ved sida av det helsemessige motivet, er gleda ved opplevingar og aktivitet viktig for mange. Den sosiale faktor må også nemnast som svært viktig i denne samanheng.*

KOMMUNEN SIN MÅLSETJING MED PLANEN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

- *Sikra naudsynt areal til idrett og fysiske aktivitet, leik og friluftsliv.*
- *Stimulere til debatt for å avklare og konkretisere vidare utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.*
- *Avklare ansvar, oppgåver og økonomiske plikter som kommunen og lag og organisasjonar har ved utbygging av anlegg og prosjekt.*
- *Medverke til finansiering eigne nye spelemiddelanlegg og til delfinansiering av anlegg bygd av lag og organisasjonar.*
- *Legge til rette for at flest mulig av innbyggjarane i Leikanger kommune kan drive med fysisk aktivitet på det nivået dei ønskjer.*
- *Det skal gjennomførast strategiar, eller arbeidsplanar, for å sjå om kommunen sin målsetjing med planen vert nådd. Desse må vere så nøkterne og konkrete at dei let seg lett etterprøva i ein evalueringsprosess.*

Bakgrunn For Planen

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet skal syne kommunens mål for idrett og fysisk aktivitet, og fastslår kommunen sin prioritering av anlegg og fysisk aktivitet.

Inkludert i uttrykket «idrett og fysisk aktivitet» er friluftsliv.

Planen er ein kommunedelplan og er heimla i Plan- og bygningslova § 11-2.

Planen skal samordnast med kommunen sin økonomiplan, slik at tiltak i planen er mest mogeleg økonomisk klarerte.

Planen skal bidra til koordinering og samarbeid mellom frivillige lag og kommunen om utbygging for idrett og fysisk aktivitet.

Kulturdepartementet kom i 1994 med krav om at planar for idrett og fysisk aktivitet i kommunane.

Vedtekne planar er ein føresetnad for tildeling av statlege spelemidlar.

Plankrav

Planperioden er 2012 – 2024. Planen har 4-årig handlingsprogram 2012 – 2015 og langsiktig handlingsprogram 2016 – 2024.

Planen skal i kvar valperiode reviderast med fullstendig sakshandsaming. Revidering vert også kravd om vesentlege endringar (nye, større anlegg eller mindre anlegg som ikkje er i samsvar med planen) vert gjort. Revidering vert definert som ny plan. Planen skal reviderast i 2015.

Det 4-årige handlingsprogrammet skal rullerast kvart år. Rullering er mindre vesentlege endringar av handlingsprogrammet som endra prioriteringsliste eller inntaking av mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg.

Godkjenning av rullering er delegert til formannskapet.

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er utan juridisk bindande verknad når det gjeld arealdisponering. Arealvurderingar som vert gjort i planen må vera med i arealdelen i kommuneplanen for å få rettsverknad.

Planen må stetta minstekrava frå Kulturdepartementet til innhald i planen, jf. Veileder. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet. Oslo 2007.

Omgrep Knytt Til Planen

Idrett:

- *Med idrett vert meint aktivitet i form av konkurranse eller trening i den organiserte idretten.*

Fysisk aktivitet:

- *Med fysisk aktivitet vert meint eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, inkludert her friluftsliv og aktivitetar prega av leik.*

Friluftsliv:

- *Del av omgrepet "fysisk aktivitet". Miljøverndepartementet vel å la friluftsliv vere opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida med sikte på miljøendring og naturopplevingar.*

Idrettsanlegg:

- *Eit idrettsanlegg er eit område, stad eller anlegg som på grunnlag av si utforming og plassering eignar seg for idrettsaktivitet.*

Kulturdepartementet klassifiserer vidare idrettsanlegg:

Ordinære anlegg:

- *Anlegg som har rett på tilskot etter publikasjonen V-0732: "Om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet". I hovudsak vanlege anleggstypar nær knytt til konkurranse og trening for idrettsorganisasjonar.*

Nærmiljøanlegg:

- *Nærmiljøanlegg er enkle anlegg for fysisk aktivitet som ligg i eller nær tilknytt bu- og/eller opphaldsområde. Vanlegvis inntil eit skuleanlegg og/eller idrettsanlegg. Anlegga skal dekke trong for eigenorganisert fysisk aktivitet for alle aldersgrupper, primært for barn og unge, men også resten av lokalbefolkninga, og vere tilgjengelege for alle. NA skal ikkje dekke behovet til organisert idrettsleg aktivitet eller nyttast til konkurransar. Alle nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr. 400 000 kan takast inn i handlingsprogrammet og nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr. 80 000 (mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg) ikkje treng først opp i handlingsprogrammet, men omtalast i planen.*

Nasjonale anlegg:

- *Anlegg som tilfredsstillar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale konkurransar og meisterskap. Ordninga er svært avgrensa.*

Friluftsområde og friområde:

Dette er nemningar på "grøne" område som er tilgjengelege for allmenn fri ferdsel:

Friluftsområde (FLO):

- *Oftast store, uregulerte område som i hovudsak er i privat eige. FLO er omfatta av allemannsretten. Områda har ikkje krav på noko opparbeiding som park. Dei vert berre tilrettelagt for funksjon og bruk. FLO vert nytta til turliv, trim, aktiv trening, jakt og fiske. I kommunen sin arealplan er områda synt som LNF-område.*

Friområde (FO):

- *Avgrensa område med særskilt tilrettelegging og opparbeiding for allmenn rekreasjon og opphald. FO er eigd av kommunen, men kan vera opparbeida og vedlikehaldne av andre, t.d. grendalag. FO kan vere parkanlegg, badeplassar, turveggar, leikeplassar, nærmiljøanlegg og lysløyper. I kommunen sine arealplan kan FO og vere del av byggeområde på plankartet, då dei ofte er ein del av slike område. I reguleringsplanar er FO ein eigen arealkategori.*

(Presiseringane er henta frå Kulturdepartementets St.meld. nr. 14 (1999 – 2000) *Idrettslivet i endring*, frå Miljøverndepartementets St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv*, og St. melding nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*.)

SØKNADSKATEGORIER FOR TILDELING AV SPELEMIDLAR TIL KOMMUNAR

Ordinære anlegg:

- *Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet, og som ikkje er nærmiljøanlegg. Under her kjem og rehabilitering og ombygging av eksisterande anlegg som ikkje er vedlikehald. Anlegg skal vere anlegg som har rett på tilskot etter publikasjonen V-0732: "Om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet". I hovudsak vanlege anleggstypar nær knytt til konkurranse og trening for idrettsorganisasjonar.*
-

Nærmiljøanlegg:

- *Anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde, td i samanheng med eit skuleanlegg, og/eller idrettsanlegg. Med nærmiljøanlegg er meint berre utandørs anlegg. Nærmiljøanlegga skal ikkje dekkje behovet til organisert idrettsaktivitet. Vanlege leikeplassar med leikeapparat er ikkje stønadsberettiga*

til spelemidlar. Døme på nærmiljøanlegg er skileikanlegg, ballbingar og turstiar.

TILHØVET TIL ANDRE KOMMUNALE PLANAR

Kommuneplanen, samfunnsdel:

- Direkte samanheng med overordna mål i kommuneplanen 2008 – 2016.

Kommuneplanen, arealdel:

- Sikre areal.

Økonomiplan/budsjett:

- Skal syne finansiering/drift av kommunale anlegg, og løyvingar/tilskot til anlegg organisert/bygd av lag. Anlegg som er ført opp som kommunal løyving i finansieringsplanen skal ha vedtak om løyving.

Folkehelseplanen:

- Det vert i folkehelsemeldinga (Stortingmelding nr. 16 2002-2003) dokumentert at regelmessig fysisk aktivitet gjev viktige helsefordelar og reduserer død og sjukdom generelt:
 - *Fysisk inaktivitet og overvekt aukar risikoen for diabetes type 2, hjarte- og karsjukdomar og leire kreftformer. Overvektige som er i god fysisk form har ein lågare risiko for desse sjukdomane enn dei med normal vekt i dårleg fysisk form.*
 - *Fysisk aktivitet er viktig for muskel-, skjelett- og leddlidingar og for psykisk helse og har også ein plass i behandling og rehabilitering av ein rekkje sjukdomar og tilstandar.*
 - *Regelmessig og variert fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og optimal utvikling av muskelstyre, kondisjon og motoriske ferdigheiter hjå born og unge.*
 - *Kroppsbevisstheit og fysisk meistring er med på å utvikla positivt sjølvbilete og legg grunnlag for rørsleglede og gode aktivitetsvanar.*

[Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#) starta å verka 1. januar 2012. Lova erstattar deler av kommunehelsetjenesteloven og lov om fylkeskommunane sine oppgåver i folkehelsearbeidet. Folkehelseloven skal fremma folkehelsa og utjamne sosiale helseforskjellar i befolkninga. Folkehelseloven skal saman med dei førebyggjande bestemmingane i [helse- og omsorgstjenestelova](#) vera dei rettslige virkemidla for å nå samhandlingsreforma sine mål om å fremma folkehelse, førebygge sjukdom og utjamne sosiale helseforskjellar.

Folkehelseloven løfter frem fem grunnleggjande prinsipp for folkehelsearbeidet; prinsippet om å utjamne sosiale helseforskjellar, "helse i alt vi gjør" (Health in All Policies), bærekraftig utvikling, føre-var og medverknad og deltaking, dvs fysisk aktivitet:

Folkehelsearbeid er samfunnets sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkninga si helse og trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og førebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bedra til å verna befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa. Tiltak for å betre befolkninga si helse kan rette seg mot for eksempel oppvekst- og levekårstilhøve som bustad, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.

Kommunen skal vidare fremja folkehelsa innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt, m.a. ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Medverke til helsemessige omsyn bert teke vare på av andre styresmakter og verksemdar. Kommunen bør leggje til rette for samarbeid med frivillige sektor og andre aktørar i arbeidet med folkehelse, idrett og fysisk aktivitet.

Kommunen skal vere særleg merksam på trekk i utviklinga innan folkehelsa som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale forskjellar. Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet skal kvart år leggje sterkare vekt på desse omsyna. Dette vil medføre ei prioritering og tilrettelegging som vil femne eit breiare lag av innbyggjarane i Leikanger kommunen og lovpålegget vil syne att i prioriterte handlingsprogramma.

UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN

Dagens situasjon

Leikanger er administrasjonskommunen i Sogn og Fjordane. I dag har Leikanger omlag 700 offentlege arbeidsplassar. I det siste har ein opplevd at desse arbeidsplassane ikkje lenger veks i same stabile takt som tidlegare. Det kjem nye reformer som samordnar og endrar lokaliseringa for den eine sektoren etter den andre. Ei viktig utfordring framover blir å sikra og utvida talet på offentlege arbeidsplassar både i Leikanger og i regionen.

Demografiske data

Folketalet i Leikanger har hatt denne utviklinga sidan 1970:

1970	1980	1990	2000	2005	2011
1855	2134	2233	2183	2205	2225

I 2005 budde 89 % av folkemengda i Leikanger i tettstad. I vårt fylke er det berre i Årdal kommune at større del av folkemengda som bur i tettstad. Fylkesgjennomsnittet var 55 % og landgjennomsnittet 77%.

Folketalet etter alder i Leikanger kommune

Aldersgrupper	År 2003	År 2008
0 år (fødde i året før)	31	23
1 - 5	141	141
6 - 12	208	212
13 - 15	104	90
16 - 19	139	122
20 - 39	493	504
40 - 54	468	439
55 - 66r	289	342
67 - 79r	189	183
80 - 89r	108	89
90 og eldre	23	25
Totalt	2193	2179

Statistisk sentralbyrå (SSB) har gjort framskriving av folketalet på kommunenivå. Siste framskrivinga er gjort våren 2008.

For planperioden 2008-2016 varierer framskrivinga av folketalet etter SSB sine alternativ mellom 2201 og 2270, ein auke frå dagens folketal på mellom 22 og 91.

Oversikta syner moderat vekst i innbyggjartalet. Det knyter seg likevel mange usikre faktorar til slik framskriving. Mellom anna er flyttemønstret og innvandring usikre faktorar. Sett i samanheng med at regionsenteret Sogndal har hatt ei positiv utvikling i folketalet siste åra må òg Leikanger kunne rekne med å få ein viss vekst.

Prognosane gir signal om at det utover i planperioden vil verte fleire elevar på barnesteget medan ungdomssteget vil få færre. Kommunen vil få langt fleire i aldersgruppa 67 – 80 år, medan tal eldre over 80 vil gå noko ned fram mot 2016.

STATUS FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Idrettslaget SYRIL

Driv mest med lagidrettar. I tillegg eigne grupper innan trim, barneidrett og bading. Fått ny gruppe som m.a. skal drive med kajakksegling og andre fjordaktivitetar. Halvparten av medlemmane er aktive i lagidrettar. Få aktive driv innan individuelle konkurranseidrettar. På mosjons- og friluftslivside driv laget med skiskule, skikarusell, idrettsmerke, turorientering, trimpostar, volleyball, handball, badminton. Bruker idrettsanlegga på Leikanger idrettspark, Leikanger fleirbrukshall og skianlegga på Kleppa.

Leikanger skyttarlag

Skytebane med 200 m og 100 m bane, miniatyrskytebane. Driv i tillegg med ski-feltskyting. Laget skipar til jaktprøve på 100 m bana. Laget har aktive skyttarar som gjer det godt i både lokale og nasjonale skytekonkurransar. Baneanlegg inngår som del av kommunen sitt hovudanlegg for skytebanar.

Leikanger jakt- og fiskelag

Driv med leirdueskyting (jegertrap) på leirduebana på Kleppa. Skipar til opne fiske-konkurransar til fjells og til sjøs. Har partnarskapsavtale med barnehagane om fiske-turar for dei eldste i barnehagane. Baneanlegg inngår som del av kommunen sitt hovudanlegg for skytebanar.

Symjebasseng

Bassenget i ungdomsskulen (12,5 x10 m) vart nedlagt i 2007. Symjeopplæringa føregår no i leigde lokale i Sogndal. Det er under arbeid ei særskild utgreiing om symjebasseng i kommunen. Dette arbeidet vert avslutta i 2012.

Sogn cykleklubb

Skipar til sykkelkarusell.

Sogndal dykkarklubb

Sogndal dykkarklubb driv med dykkeaktivitetar. Klubben samarbeider med Røde Kors, Sivilforsvaret og politiet om søk og redning i indre del av Sognefjorden.

Sogn fjordsymjeklubb

Sogn fjordsymjeklubb arrangerer Sognefjord Swim Festival. Klubben er aktiv pådrivar av fjordbasert idrett og fysisk aktivitet, t.d. fjordsymjing, kajakkpadling og vintersymjing. I tillegg arbeider laget med vidareutvikling og tilrettelegging av badeplassar og arenaer for fjordbasert idrett og fysisk aktivitet.

Andre aktivitetar

Ved Leikanger ungdomsskule er det sett opp ballbinge. Ballbingen skal ikkje nyttast til organisert trening. I same området finst og sandvolleybane.

Turgåing/opphald i naturen vår, sommar og haust

Dalane og fjellområda med sti- og løypenett vert mykje brukt. Interesse for turgåing/opphald i naturen er stor, og er utan tvil største friluftaktiviteten i Leikanger. I 1993 kom det ut nytt turkart over dalane og fjella. Mange av løypene er gamle stiar og stølsvegar. Halvparten av dei på kartet er no skilta med namn. Stiane og løypene vert kontinuerleg rydda og haldne opne. Idrettslaget har lagt ut trimpostar knytt til nokre stiar og

løyper, jf www.syril.net Turgåarane registrerer seg på trimpostane. Turkartet vart revidert og trykka opp att i 2004.

Skigåing

Kleppaområdet er utgangspunktet for det meste av skigåinga i kommunen. Kleppa har utbygde skianlegg med løyper og bakkar. Frå Kleppa går det skiløyper mot høgfjellet. Andre skiutfartsområde i kommunen er Eggja, Engjasete/Grindsfjella og Njøsadalen/Fjærlandssete mot Sogndal.

Sykling

4 km gang og sykkelveg langs riksveg frå Leikanger til Hermansverk. Riksveg 55 Hella-Sogndal vert brukt til trimsykling. Den lokale sykkelklubben skipar til sykkelkarusell.

Badeplassar

Fylkesmannsgarden (Nybø) og ungdomsskulen er kommunale badeplassar. Nybø vart rusta opp i 2007. Det er interessegruppe for badeplassen. Arealdelen i kommuneplanen har avsett område for bading på Nokkaneset og på Verken.

Småbåthamn

Småbåthamn finst i Skjeljavika på Hermansverk. Småbåthamna vart utvida i 2009.

Brettsegling:

Sognefjorden er brei og det er høvelege vindar for brettsegling.

Fiske:

Laks og sjøaure vert fiska i nedre del og i utløpet av Henjaelvi. Andre elvar har småaure. Sjøfiske kan drivast etter stranda og på fjorden. Fleire fiskevatn har småaure (Fjærlandssetvatnet, Myrdalsvatna, Trastadalsvatnet, Fagereivatnet og Svartavatnet). Hugs fiskekort!

Jakt:

Jakt kan drivast på både småvilt- og storvilt. Småviltjakta er på rype og hare og storviltjakta på hjort. Hugs gyldig jaktkort!

Leikeplassar:

Opparbeiding og bruk av leikeplassane varierer. Mange er gode og vert nytta. Andre er i dårleg stand og vert nytta lite. Grendelaga og kommunen samarbeider om drifta.

Dans:

Leikanger ungdomslag driv allsidig og stor danseaktivitet for personar frå 2 til over 70 år. Aktiviteten går føre seg i ungdomshuset Leikvang, jf www.leikanger.ungdomslag.no

Kajakkpadling:

Samarbeid eksisterer mellom Sogn fjordsymjeklubb og Moreld AS om sikkerheitskurs og aktiviteter i havkajakkpadling. Idrettslaget SYRIL/Leikanger fjordklubb tilbyr leige av kajakkar til sine medlemmer.

Fjordsymjing og vinterbading:

Aktivitet vakse fram i Leikanger etter 2004. Sogn fjordsymjeklubb skipar til fjordsymjing og aktivitetar knytt til denne frå mai til september på Nybø, Pilaviki og Nokkaneset. Planar om å skipe til vinter-badinga som vinteraktivitet.

Anleggsregistreringar:

Oversikt over anleggsregisteret for idrett i Leikanger finst som eige vedlegg til planen.

BEHOV FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET**Symjebasseng/badeanlegg:**

Symjeopplæringa i skulen er underlagt opplæringslova. Det er kommunen sitt ansvar å syte for naudsynte undervisningslokale for symjeopplæringa, dvs. å ha symjebasseng der opplæringa kan skje. Begge skulane har peika på dette i kommunen si kartlegging av behov i samband med sak om symjebasseng/badeanlegg i kommunen.

SYRIL ønskjer primært basseng for konkurranse (25m), i konkurranse er bassenglengda eit sentralt spørsmål. Laget ser det og som viktig å gi symjeopplæring til alle, noko som eventuelt kan gjerast i mindre basseng. Det er og andre aktivitetar som kan gjerast i mindre basseng, slik som trening kajakk (eskimorulle), dykking m.m.

Leikanger skyttarstadion:

Byggje nytt skyttarhus med miniatyrskytebana. Eksisterande skyttarhus har vesentlege manglar. Laget ønskjer å flytte miniatyrskytebana frå ungdomshuset til skyttarstadion. Planlegg utbygging av stadion-anlegget i 2012/2013.

Leikanger leirduebane:

Montere lyskastarar på leirduebane for å utvide treningstidene. Ønskjer å byggje ut leirduebane for å auke aktiviteten og kapasiteten. Utbygging av leirduebana til "Sporting" (3 stk kastarar med leirduekastarar). Bygging av heilårslavoo på Kleppa.

Kleppa Skisenter:

Montere ljøs i langrennsløypene frå Kleppa til Øvstestølen. Rehabilitering av alle lysanlegga på Kleppa som ENØK-tiltak. Vidare utbygging for å utvide skileik-området med leikeområde for 3-5 åringane og bakke for 5-7 åringane. Utviding av parkeringsplass på Kleppa

Kunstgrasbana SYRIL stadion:

Behovet for kunstgrasbane i idrettsparken vert forsterka år for år etter som treningsmengda til utøvarane aukar og kampprogrammet vert utvida.

Nytt treningsfelt ved SYRIL stadion:

Behov for nytt treningsfelt i idrettsparken for å ta kapasitetsmangelen for trening og kampar på stadion.

Ballbinge SYRIL stadion/Leikanger barneskule:

Barneskulen har spelt inn ønske om ballbinge plassert i idrettsparken, og helst i nærleiken til

skulebygningane. Bruken av bingen vert då enkel og lett for elevar og lærarar.

Brettseglingsbane på Hamreneset:

Blant talsmenn for brettsegling vert det vurdert planar om å få til brettseglingsanlegg på Hamreneset. Her tilhøve gode for starting og landing av brett.

Samarbeid om anlegg med andre kommunar

Frå Kulturdepartementet, Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga er det komme signal om at kommunane i fylket bør samarbeide meir om større anlegg og fysiske aktivitetar. Samarbeid kan resultere i større brukargrunnlag som kan gje sikrere drift av anlegga og opne opp for fleire fysiske aktivitetar. Samarbeidet kan skje om investeringar eller drift eller berre gjelde bruken av anlegga.

Bading

Nybø bør ha driftsbygning/naust, stupebrett, klatretau på svaberg, grasflate på minst 10 x 20 m. Gamalt badehus istandsetjast. Arealbruksplan for Nybø skal utarbeidast. På ungdomsskulen er det ønskje om naust til kajakkar og surfebrett.

Nokkaneset og Pilaviki bør få tiltak som lettar ilandstigning for symjarar og kajakkpadlarar, særskilt under Sognefjord Swim festival. Vidare bør det kome driftsbygning med garderobe, dusj og badstove. Bygning bør og huse klubbhus og sosiale møteplassar.

På Hamre, Husabø og Kløvi er det avsett område for små lokale badeplassar. Her vil det ikkje vere trong opparbeiding.

Turgåing/opphald i naturen

Det skal ikkje vere overdriven skilting/merking ute i terrenget. Kommunen samarbeider med lag om vedlikehald av skilting/merking.

Omkring i Leikanger er det laga fruktsti med informasjonstavler. Desse må haldast vedlike. Ansvaret her ligg til Leikanger reiselivslag.

Arbeidet med registrering og istandsetjing av gamle stiar og vegar (kløvjavegar, stølsvegar og ferdselsårer o.l.) skal halde fram. Det skal informerast om desse på eigne kart i tillegg til turkartet.

Kommunen vil stimulera til auka friluftaktivitet gjennom informasjon og kunnskap om dei gamle vegane/stiane.

Eige nærmiljøkart for Leikanger/Hermansverk med stiar i skog, vegar og turløyper skal utarbeidast.

Områda i Lunden for utebarnehage og uteskule i Lunden må haldast vedlike. Likeins område for natursti og naturopplæring for barneskulen/skulefritids-ordninga i Henjadalen.

Folkehelsa i Leikanger meiner Nokkaneset må opnast for meir utebruk. Vidare at trimløypa med utgangspunktet i Nokkaneset må haldast vedlike. Det er behov for tilbod om turar/opphald for funksjonshemma.

Folkehelsa vil ha meir aktivitet for eldre. Dette er eit ønskje også frå Leikanger pensjonistlag.

Skiløyper:

Mest nytta og viktigaste skiløypene er teikna inn på turkartet Leikanger – Sogndal. Vurderast om behov for å få fleire løyper med på turkartet. Idrettslaget driv løypekøyning/preparering av dei viktigaste løypene i Kleppaområdet og opp mot fjellet.

Leikeplassar:

Nye bustadfelt skal ha sikra og opparbeidde leikeplassar. Grendelaga og kommunen samarbeider om vedlikehald og bruk. Grendelaga kan installere leikeutstyr som oppfyller tryggleikskrav på eigen kostnad. Leikeplassar på skulane og i barnehagane skal vedlikehaldast av kommunen. Leikeapparata på desse

leikeplassane skal ha periodisk tilsyn for å tilfredsstille tryggleikskrava.
--

Opprusting av turvegen i Henjadalen Vegen er mykje nytta av turgåarar/skigåarar og treng opprusting.

Opprusting av nærområdet ved barneskulen Området Holeruna`n er nytta av barneskulen til ulikeaktivitetar. Tilkomsten er tilrettelagt for funksjonshemma. Skulen ønskjer opprusting og vidareutvikling av området. Skulen ønskjer og ny akebakke i tillegg til den eksisterande.

RESULTATVURDERING

Resultatvurdering (evaluering) av planen frå førre planperiode skal gjerast. Resultatvurderinga skal syne om mål er nådd og kva som er gjennomført /ikkje gjennomført.

Generelt:

Planen i førre planperiode vart fyrst og fremst nytta for at omsøkte tiltak i planen kunne tildelast spelemidlar.

Planen har korkje på kort eller lang sikt gitt kommunen, laga og brukarane ein plan som har fastsett kva som skal byggjast ut. Slik har planen fått mindre tillit som verktøy og såleis mindre interesse.

Kommunen og laga har heller ikkje nytta planen til å sikre areal for framtidig bruk.

Det har vore lite eller mangel på samordning med kommunen sin økonomiplan.

Nokre anlegg i planperioden har vore resultat av dyktige pådrivarar og ivrige politikarar. Dette har medført prioriteringar som ikkje vart teke gjennom systematisk idrettsleg debatt.

Planen er vorte rullert kvart år i planperioden.

I neste periode bør det verte lagt fram resultatvurdering i samanheng med rulleringane.

Ein ny plan bør verte nytta meir aktivt i tråd med planen sine mål og intensjonar.

Nærmiljøanlegg i førre plan:

Kostnadstala er i 1000 kr.

Anlegg	Stad	Kostnad	Gjennomført/merknader
Sandvollybane	Ungdomsskulen	80	Ja
Utarbeiding nærmiljøkart		200	Nei
Ballbinge	Idrettsparken/barneskulen	420	Nei

Ordinære anlegg i førre plan:

Kostnadstala er i 1000 kr.

Anlegg	Område	Kostnad	Gjennomført
--------	--------	---------	-------------

Skiskyttaranlegg og rehabilitering av løyper	Kleppa	1500	Nei
Klatrevegg	Leikangerhallen	1400	Ja
Heis og gangbru	Leikangerhallen	1100	Nei
Sosialt rom	Leikangerhallen	1600	Ja
Treningsrom	Leikangerhallen	1700	Ja
Skyttarhus og miniatyrskytebane	Skyttarstadion	2500	Nei
Opparbeidsing turstiar/-vegar		200	Nei
Opparbeiding friluftsområde	Nokkaneset	200	Nei
Rehabilitering symjebasseng	Ungdomsskulen	4500	Nei
Golv og toalette	Ungdomshuset	80	Nei
Fleirbruksflate	Idrettsparken/barneskulen	1000	Nei
Kajakklagring	Ungdomsskulen	80	Nei
Elektroniske skiver	Skyttarstadion	195	Ja/Ikkje søkt om spelemidlar
Garderobar	Idrettsparken/barneskulen	3600	Ja/Søkt om spelemidlar, ikkje motteke midlar grunna prioritering
Kunstgrasbane	Idrettsparken/barneskulen	4700	Søkt om spelemidlar, ikkje motteke grunna prioritering

KORTSIKTIG HANDLINGSPROGRAM IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2012-2015

(Revidert med vedtak K-sak 0096/11, rullert med vedtak F-sak 0121/13, oppdatert innan søknadsfrist 15.1.2015)

Tabellen under syner utbygging av anlegg for kvart år i 4-årsperioden. Kolonnane i tabellen syner anlegget, ansvarleg søker (eigar), område, start, kostnad, finansiering og drift.

Mindre endringar planen kan kvart år skje i planperioden når planen vert rullert. Mindre endringar er flytting av anlegg i kortsiktig og langsiktig handlingsprogram, og/eller inntaking av nye anlegg i handlingsprogrammet. Inntaking av nye anlegg i kortsiktig handlingsprogram avgrensar seg til nær-miljøtiltak med totalkostnad kr. 80.000 – 400.000. Anlegga må ha krav spelemidlar.

Kulturdepartementet definerer slike anlegg, jfr. «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2014.».

Rekkjefølgja for kvart år på anleggja er ikkje prioritert.

Forkortingar:

Finansiering: KM = Kommunale midlar, SM = Spelemidlar, PM = Private midlar (dugnad, gåver, lån)

Kategori: KA = Kommuneanlegg, NA = Nærmiljøanlegg

Kostnad- og finansieringstala er i 1000 kr.

Ei kommunal løyving knytt til finansieringsplanen skal ha vedtak. Løyvinga skal liggja inne i kommunen sin gjeldande økonomiplan. I finansieringa er ikkje vedteke støtte til anlegg markert med «0». Lag og organisasjonar skal sjekke om slik er/er ikkje tilfelle.

Finansieringstala og tiltaka i det kortsiktig eller langsiktig handlingsprogrammet er ikkje juridisk og/eller økonomisk bindande for partar oppført i handlingsprogramma.

2012

Anlegg	Søkjar	Område	Kategori	Kostnad	Finansiering			Drift pr. år	Merknader
					KM	SM	PM		
Kunstgras	SYRIL	Idretts-parken	KA	4700	1000	1600	2100	200	Ferdig anlegg. Motteke midlar i 2014.
Elekt. skiver	Skyttarlaget	Skyttarstadion	KA	195	65	65	65	5	Ferdig anlegg. Motteke midlar i 2014.

2013

Anlegg	Søkjar	Område	Kategori	Kostnad	Finansiering			Drift pr år	Merknader
					KM	SM	PM		
Skyttarhus	Skyttarlaget	Skyttarstadion	KA	3000	0	700	2300	50	
Ljoskastarar/ Sporting/	Jakt- og fiskelaget	Leirduebana	KA	150	0	50	100	25	Opprusting av leirduebana for å utvide sesongen og betre anlegget.
Skibakke	Kommunen	Barne-skulen	NA	100	0	50	50	1	Behov for mindre akebakke ved sida av eksisterande.
Skileik	SYRIL	Kleppa	KA	150	0	50	100	5	Anlegg for dei minste.

2014

Anlegg	Søkjar	Område	Kategori	Kostnad	Finansiering			Drift pr år	Merknader
					KM	SM	PM		
Ljosløype	SYRIL	Kleppa	KA	2100	0	700	1400	30	Ljos i langrennsløype frå Kleppa til Øvstestølen.
Fleirbruksflate	SYRIL	Idretts-parken	KA	1000	0	200	800	20	Avlastingsbane for fotball.
Fleirbruksflate	Kommunen	Ungdom-skulen	NA	600	395	205	0	15	Vil ikkje mottake midlar. Grunna mottak andre statlege midlar.

2015

Anlegg	Søkjar	Område	Kategori	Kostnad	Finansiering			Drift pr år	Merknader
					KM	SM	PM		
Symje-anlegg	Kommunen	-	KA	30000	27500	2500	0	300	Planleggingsstadiet.
Turveg	Kommunen	Henja-dalen	KA	200	0	66	134	5	Trengst opprusting.
Drifts-bygning	SYRIL	Kleppa	KA	810	200	250	450	35	Søkt om spelemidlar tidlegare, ikkje motteke grunna prioritering av midlar. Søkjer i 2015.
Klatrepark	Kommunen	Barne-skulen/ Idretts-parken	NÆ	160	70	80	10	10	Ikkje påbegynt. Ny søknad 2015.
Garderobar	Kommunen	Barne-skulen/ idretts-parken	KA	3650	2650	1000	0	200	Ferdig. Søkt om spelemidlar tidlegare, ikkje motteke grunna prioritering av midlar. Søkjer i 2015.
Ballbinge	Kommunen	Ungdom-	NÆ	160	80	70	10	5	Ikkje påbegynt. Ny

		skulen							søknad i 2015.
--	--	--------	--	--	--	--	--	--	----------------

LANGSIKTIG HANDLINGSPROGRAM FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2016 – 2024

Anlegg i langsiktig handlingsplan er ikkje prioritert.

Anlegg	Søkjer	Område	Klasse	Merknader
Bryggje, driftsbygning	Sogn Swim Festival	Nokkaneset	KA	
Naust for kajakklagring, driftsbygning	SYRIL	Fylkesmannsgarden	KA	
Ballbinge	Kommunen	Barneskulen	NÆ	

Vedlegg:**1. Innsende spelemiddelsøknader frå Leikanger kommune i 2015**

Med dette sender Leikanger kommune lista over spelemiddelsøknadane for 2015. Dei er delt inn i 2 vanlege anlegg og 2 nærmiljøanlegg, og rangert i prioritert rekkefølge:

Ordinære idrettsanlegg:

1. Leikanger Idrettspark garderobar 1419002901 (fornya)
2. Kleppa Skisenter Driftsbygg 1419000409 (fornya)

Nærmiljøanlegg:

1. Leikanger klatrepark 1419000107
2. Rehabilitering av ballbinge, Leikanger ungdomsskule 1419002301

1. Kart over anlegg

Eksisterande anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Planlagte anlegg for idrett og fysisk aktivitet

2. Fysisk aktivitet – generelle og lokale trekk

(Teksten til kapitlet om utviklingstrekk for fysisk aktivitet er henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet sin rettleiaren om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet 2014, og frå tidlegare kommunal plan om idrett og fysisk aktivitet.)

Fysisk aktivitet og mosjon er en av de vanligste fritidsaktivitetene i befolkningen. Flere og flere trener aktivt og ofte, og stadig færre trener aldri. I 2010 oppga 74 prosent av den voksne befolkningen at de driver fysisk aktivitet i form av trening eller mosjon på fritiden minst en gang i uka mot 58 prosent i 1985. Til tross for at stadig flere rapporterer at de trener og mosjonerer på fritiden, har det totale omfanget av fysisk aktivitet i befolkningen gått ned. Dette skyldes i stor grad at hverdagsaktiviteten går ned. Eksempler på det er at vi gjør mindre arbeid på og i huset enn tidligere, vi går mindre i hverdagen, og de fleste av oss har mer stillesittende arbeid. Helsemyndighetenes anbefalte minimumsnivå når det gjelder fysisk aktivitet i forhold til helsegevinst er 30 minutter daglig aktivitet med moderat belastning. Dette gjelder for voksne og friske eldre. En kartlegging av fysisk aktivitetsnivå hos voksenbefolkningen fra 2009 viser at bare 20 prosent av voksenbefolkningen tilfredsstill disse kravene. Voksne som driver idrett eller fysisk aktivitet gjør dette egenorganisert eller i stadig større grad i private treningscentre. Det viktigste det

offentlige kan bidra med ovenfor den gruppen av voksne som allerede er fysisk aktive, er utbygging av idrettsanlegg og sikring av områder der aktiviteten kan foregå. Også for inaktive vil en tilpasset anleggsutvikling være viktig.

Utviklingstrekk hos barn og ungdom

Barn og ungdom anbefales å være i aktivitet i minst 60 minutter hver dag, og aktiviteten bør ha både moderat og høy intensitet. Det store flertallet av norske barn er med i norsk idrett på et eller annet tidspunkt, og mange deltar i flere idretter. Barn fra 6 til 12 år er den aldersgruppen som har flest aktive i norsk idrett. I denne aldersgruppen er det gjennomgående flere medlemskap i idretten enn individer i populasjonen. Fra 12–13 års alder er det et jevnt fall i deltakelse i organisert idrett gjennom tenårene. Medlemskapstallene indikerer at det skjer noe i overgangen mellom barn og ungdom når det gjelder forholdet til den organiserte idretten. Det er viktig å påpeke at frafall i idretten ikke har én enkelt årsak, men skyldes en rekke ulikefaktorer knyttet til barn og unges oppvekst, omgivelser og interesser. Studier viser at norske barn og ungdom bruker stadig større andel av dagen til stillesitting og en stadig lavere andel oppfyller de faglige anbefalinger om i gjennomsnitt minst 60minutters daglig moderat fysisk aktivitet. Aktivitetsnivået synker kraftig fra 6 til 15 år. Blant 6 åringene er over 90 prosent av guttene og over 80 prosent av jentene i fysisk aktivitet mer enn 60 minutter per dag. Blant 9 åringene er tallenesynkende og bare halvparten av 15-årige jenter og gutter er tilstrekkelig fysisk aktive. Kartleggingen bekrefter økende stillesitting også blant barn og ungdom. 15-årige gutter tilbringer størst andel av dagen – hele 70 % av tiden – og mer enn det pensjonister gjør – til stillesittende aktiviteter

Fysisk aktivitet fremmer livskvalitet og helse

Hovedutfordringen når det gjelder befolkningens fysiske aktivitetsnivå er å øke andelen voksne, eldre og ungdom som oppfyller anbefalingene til fysisk aktivitet. Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) trådte i kraft 1. januar 2012. Loven har som formål å bidra til en samfunnsutviklingsom fremmer helse og trivsel og utjevner sosiale helseforskjeller. Loven retter seg mot kommuner, fylkeskommuner og statlige myndigheter, og skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Deler av loven regulerer også virksomheter med betydning for befolkningens helse, bl.a. miljøet i barnehager og skoler. Loven bygger på fem grunnleggende prinsipper for ulke helsearbeidet: utjevne sosiale helseforskjeller, «helse i alt vi gjør», bærekraftig utvikling, føre-var og medvirkning. Folkehelseloven er innrettet slik at den støtter opp under de kommunalpolitiske prinsipper. Den gir kommunen både stort ansvar og stort handlingsrom til å se folkehelsearbeidet i sammenheng med kommunenes lokale utviklingsarbeid og innovasjon basert på de ulike kommunenes behov og forutsetninger. Folkehelselover er utformet slik at kommunene har et stort handlingsrom for å fremme helse med utgangspunkt i lokale behov og forutsetninger. Loven angir en arbeidsform tilpasset plan- og bygningslovens fireårige plansyklus. Gjennom å få oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer skal kommunene identifisere sine ressurser og sine folkehelseutfordringer. Disse skal inngå som grunnlag for planlegging etter plan- og bygningsloven og som grunnlag for tiltak. Gjennom arbeidet med oversikt og i plan-prosessene får kommunene et helhetlig bilde av utfordringene.

Det kommersielle treningsmarkedet

En markant trend de siste 15–20 årene har vært framveksten av det kommersielle treningscenter-markedet. I 1989 oppga 8,5 prosent av befolkningen at de trente på kommersielle sentre. I 2013 hadde dette tallet økt til nesten 37 %. Den økte aktiviteten innenfor treningscentrene synes dels å reflektere at treningscentrene gir et tilbud som supplerer idrettens tilbud, og dels at bransjen treffer andre målgrupper enn den tradisjonelle idretten. Forholdet mellom treningscenteret og den aktive er et kunde-forhold, hvor den enkelte kjøper tjenester av senteret. Denne type relasjon karakteriseres gjennom et fravær av de plikter og rettigheter som følger medlemskap i frivillige organisasjoner.

Kommersielle treningscentre og idrettsanlegg med en fortjenestebasert eierform Berettiger ikke tilskudd fra spillemidlene. Tilskudd til kommersielle treningscentre vil også i utgangspunktet være i strid med statens regelverk for konkurranse- og statsstøtte. Det vil heller ikke bli gitt tilskudd fra spillemidlene til anlegg, eller deler av anlegg, som leies ut til kommersielle aktører for lengre tid, eller som utgjør deler av grunnlaget for fortjenestebasert virksomhet. Dette betyr at spille-middelfinansierte idrettsanlegg ikke kan leies ut til kommersiell virksomhet, med unntak av enkeltarrangementer av kort varighet.

Kommunen omtaler ikkje slike anlegg og deira aktivitetar i denne planen.

Fysisk Aktivitet – Situasjonen i Leikanger

Fleire av trekka kan nok og observerast i Leikanger. Særskilt gjeld dette nemnde trekk for vaksne. For barn og unge ser det ut som om situasjonen er litt lysare. I Leikanger er mange barn og unge med i idrett og fysiske aktivitetar. Det kan sjå ut som det varierte tilbodet som idrett og fysisk aktivitet har hjå oss trekker fleire barn og unge til idrett og fysisk aktivitet enn generelt elles i landet. Men det bør ikkje vere noko sovepute for lag og organisasjonar og kommunen at det i kommunen finst så mange aktive barn og unge. Det er plass for endå fleire barn og unge i idrett og fysisk aktivitet i Leikanger.

Lag og organisasjonar og kommunen må arbeide meir for å gjere barn, ungdom og vaksne meir aktive. Meir aktivitet vil vere helsefremjande i Leikanger på lang sikt!

Samanheng mellom idrett og friluftsliv

Forskjellen mellom idrett og friluftsliv ligg hjå utøvarane sine prestasjonsnivå. Desse høgge dette er, desse større er forskjellen. Vidare ser vi at idrett på aktivt plan vert drive berre ei kort tid av ein del utøvarar, medan friluftsliv kan drivast av alle heile livet og året igjennom. Når vi snakkar om friluftsliv i planen, vert dette ein del av omgrepet fysisk aktivitet. Med fysisk aktivitet i planen vert meint eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet. Om det er trening eller mosjon er avhengig av dei personane som utøvar aktiviteten.

I dei seinare åra har det oppstått fleire felles trekk mellom breiddeidretten og friluftslivet. Nokre idrettar har nært slektskap med friluftslivet. Dei går og føre seg ute i friluftsområda. Difor har friluftslivet ofte nytte av samarbeid med idretten ved at idretten merker løyper og tilrettelegg friluftsområde for aktivitetar. Idrettslag og

friluftsansjonar driv haldningsskapande verksemd for å stimulere til helse og trivsel. Denne verksemda bør idretten og friluftslivet samordna. Likeeins bør planlegginga av friluft- og idrettsanlegg ved fjord og fjell samordnast. Naturopplevingar i samanheng med idrettsanlegg gjer aktiviteten meir lystbetona. Manglande kapasitet i ordinære idrettsanlegg kan kompenseras ved å knyte idretten til friluftaktivitetar.

Skulen, idrett og fysisk aktivitet

Skulane i kommunen er ein arena for idrett og fysisk aktivitet. Gjennom leik i friminutta, i kroppsøvningsfaget og som ein samlande faktor i nærmiljøet utanom skuletida utviklar born og unge fysiske ferdigheiter og eigenskapar. Dette er viktig for utviklinga av idrett og fysisk aktivitet i kommunen.

Barneskulen tek hand om barna i ein svært viktig periode av utviklinga av fysiske ferdigheiter og eigenskapar. Skulealderen hjå 10-12 åringar vert ofte kalla "gullalderen" for utviklinga av motoriske ferdigheiter.

I ungdomsskulealderen kjem der ei brytningstid der skulearbeidet og nye/andre interesser medfører ofte mindre fysisk aktivitet. Vi veit då at eit høgt tal unge sluttar med idrett/fysisk aktivitet i denne alderen.

Difor bør skulen overfor elevane i ungdomsskulen kanskje yte ein ekstra innsats for å få flest mogeleg av ungdomsskuleelevane til å fortsetje og drive med ei eller anna form for fysisk aktivitet/idrett. Skulen bør også overfor foreldra gjere merksam på situasjonen med å vere inaktiv i denne alderen. Kanskje er ein ide at det bør komme fleire ungdomskuleidrettar/fysiske aktivitetar til skulen. Kommunen har her særskilt ansvar for å leggje til rette utemiljøet slik at idrettar/fysiske aktivitetar lettare kan drivast.